


A decorative graphic on a light blue background. It features stylized mountain peaks represented by black upward-pointing chevrons (^^) and wavy white lines representing water or clouds. The mountains are arranged in several groups: a large cluster on the left, a smaller one in the center, and two more on the right side. The wavy lines flow horizontally across the middle of the page.

Fylkesting for ungdom Vestland 2026

14.-16. mars
Tingdokument

Innhold

Velkomen til Fylkesting for ungdom Vestland 2026	4
Program	6
Køyrereglar.....	7
Sakliste for Fylkesting for ungdom Vestland 14. – 16. mars 2026	8
SAK 1/26 OPNING	8
SAK 2/26 NAMNEOPPROP	8
Sak 3/26 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE.....	8
SAK 4/26 VAL AV MØTELEIAR	8
SAK 5/26 GODKJENNING AV FORRETNINGSORDEN.....	8
SAK 6/26 VAL AV PROTOKOLLSKRIVARAR	8
SAK 7/26 VAL AV PROTOKOLLUNDERSKRIVARAR	9
SAK 8/26 VAL AV REDAKSJONSKOMITÉ	9
SAK 9/26 VAL AV VALKOMITÉ	9
SAK 10/26 BEHANDLING AV ÅRSMELDING 2025	9
SAK 11/26 BEHANDLING AV VEDTEKTER FOR FYLKESTING FOR UNGDOM VESTLAND OG VESTLAND UNGDOMSUTVAL	9
SAK 12/26 ÅRSREKNESKAP 2025 OG BUDSJETT 2026	10
SAK 13/26 BEHANDLING AV UNGDOMMENS PLANPROGRAM 2026.....	10
SAK 14/26 VAL AV VESTLAND UNGDOMSUTVAL (VU).....	10
Forretningsorden	10
Årsmelding 2025	12
Reglement for Fylkesting for ungdom og Vestland ungdomsutval.. Feil! Bokmerke er ikke definert.	
Ord frå leiar og nestleiar	12
Opplæring og kompetanse	13

Kultur, idrett og inkludering	14
Samferdsel og mobilitet	14
Næring, plan og innovasjon	15
Eigen organisasjon.....	15
Reglement for fylkesting for ungdom og vestland ungdomsutval	16
Vedtekter for fylkesting for ungdom og vestland ungdomsutval	18
Forslag til ungdommens planprogram 2026	23
Kultur, idrett og inkludering	24
Næring, plan og innovasjon	24
Opplæring og kompetanse	25
Samferdsel og mobilitet	27
Eigen organisasjon	28
Rekneskap 2025 og budsjett 2026	29
Fylkesting for ungdom frå A til Å	30

Velkomen til Fylkesting for ungdom Vestland 2026

Det er ei glede å ønske deg velkomen til Fylkesting for ungdom Vestland 2026 (FFU). Engasjerte ungdommar frå heile Vestland skal møtast på Scandic Flesland Airport Hotel. Vi oppmodar alle om å syte for at alle deltakarar får ei hyggeleg helg.

I dette heftet får du ein del dokument som skal rettleie deg gjennom Fylkesting for ungdom. Her er ei oversikt over dokumenta:

1. Tingdokument

- a. *Program*: Her får de ei oversikt over kva som skal skje i helga. Det er viktig å følgje med på programmet og kome tidsnok til dei ulike øktene. Det er òg viktig å sjå til at de ikkje må dra før etter programmet er ferdig på sundag.
- b. *Køyrereglar for fylkesting for ungdom*: Reglar som alle på fylkesting for ungdom må følgje. Vert vedteke av fylkesting for ungdom.
- c. *Sakliste*: Dette er oversikta over sakene som vert handsama på fylkesting for ungdom. Merk at dei fleste sakene vert handsama under konstitueringa, som skjer på laurdag. Dette betyr at dersom du har alternative forslag til nokre av desse sakene må du vere klar til å fremje dei under konstitueringa.
- d. *Forretningsorden*: Dette seier noko om korleis sakshandsaminga skal skje og korleis du teiknar deg til debatt. Denne trer i kraft når den er vedteken under konstituteringa.
- e. *Budsjett 2026*: Budsjettet fortel korleis Vestland ungdomsutval (VU) har føreslått at ein skal bruke pengar i 2026 og vert vedteke av fylkesting for ungdom.
- f. *Ungdommens fylkesting frå A til Å*: Her er ein del forklaringar til språket som vert brukt på fylkesting for ungdom og som kan vere bra til å kjenne til før du kjem til tinget.
- g. *Reglement for fylkesting for ungdom og Vestland ungdomsutval*: Vestland fylkesting har vedteke reglement for fylkesting for ungdom og Vestland ungdomsutval.
- h. *Vedtekter for fylkesting for ungdom og Vestland ungdomsutval*: Dette vert presentert for fylkesting for ungdom og vert vedteke under konstituteringa. Dersom du har forslag til endringar må dette fremjast under konstituteringa.

2. Ungdommens planprogram

Ungdommens planprogram er planprogrammet som VU har jobbar etter. Alle som deltek kan kome med forslag til planprogrammet før og under tinget, og det er lagt opp til at desse skal debatterast laurdag. Forslaga til planprogrammet vert handsama og votert over søndag, og då er det endelege planprogrammet vedteke av fylkesting for ungdom. og bli røysta over på søndag.

I løpet av helga kjem valkomiteen til å prate med alle som ønskjer å stille til Vestland ungdomsutval (VU). Alle som er delegatar på fylkesting for ungdom har moglegheit til å stille til val. Å vere medlem i VU vil vere givande, spennande og lærerikt, men kan og vere tidskrevjande i periodar. Tenk gjennom om det er noko for deg, og meld din interesse for valkomiteen dersom du er interessert. Interesse meldast i skjema: <https://forms.office.com/e/hreeYtdFkv> Dersom du har spørsmål om det å delta i fylkesting for ungdom kan du spørje dei som sit i VU no.

Tingdokumenta vil ikkje bli utlevert i papir på fylkesting for ungdom. Vi oppmodar om at du tek med deg ein PC/iPad slik at du har dei tilgjengeleg. Det vil vere trådløst internett i møtesalen. Dersom du ikkje har eigen PC/iPad kan du gje beskjed, så vil vi likevel ta med ein papirkopi til deg.

Det er fint om alle tek på seg fine klede til middagen på laurdagen. Dersom du har allergiar eller det er noko anna hotellet bør vere klar over, er det fint om du gjev beskjed til Anne Koch Grønlien om det ikkje allereie er meldt inn i påmeldingsskjemaet.

Då er det berre å ynskje dykk god lesing og eit triveleg fylkesting for ungdom 2026!

Med vennleg helsing

Anne Koch Grønlien
Rådgevar
Vestland fylkeskommune

Ane Sandvik Arnestad
Rådgevar
Vestland fylkeskommune

Program

Laurdag 14. mars

16.00	Arrangementet startar; velkomst og praktisk informasjon
16.10	Innleiing om Vestland ungdomsutval og deira arbeid
18.00	Informasjon om forslag til planprogram og val
18.30	Middag
19.15	Trygt yringsklima og perspektivtaking i debatt m/ elev- og lærlingombod Ann Kristin Solhaug Hauge
20.15	Sosialt og bli kjent
23.00	Stilletid på romma

Søndag 15. mars

08:45	Oppmøte m/ «overrasking»
9.00	Opning v/ fylkesvaraordfører Stian Davies
9.25	Velkomsttale v/ leiar av VU Marcus Askildsen
9.30	Konstituering av Fylkesting for ungdom
9.35	Informasjon om arbeid med nytt planprogram
10.00	Innlegg v/ fylkesdirektør Robert Rastad
11.00	Arbeid med planprogram i grupper
12.30	Lunsj
13.30	Arbeid med planprogram i grupper
13.30	(Valkomiteen startar med intervju av kandidatar)
14.15	Forslag og debatt
18.00	«Si din mening!» Ungdomsråd i praksis (ved VU)
18.30	Avslutning for dagen
18.40	Fri
20.00	Festmiddag og sosialt
23.00	Stilletid på romma

Måndag 16. mars

09.00	Start
09.05	Just dance m/VU
09.10	Informasjon om gjennomføring av votering og val
09.20	Saksbehandling og val
12.00	Lunsj
12.45	Saksbehandling og val
14.30	Avslutning – takk for no!

Køyrereglar

Fylkesting for ungdom Vestland (FFU) er eit rusfritt arrangement. Deltakarar som bryt dette kravet vert sende heim, på eiga rekning. Om dette gjeld ein person på under 18 år vil fylkeskommunen orientere føresette. Dersom ein på noko tidspunkt må forlate hotellet skal dette avtalast med Anne Koch Grønlien eller Ane Sandvik Arnestad på førehand, og ein skal gje beskjed når ein går og når ein kjem attende. Hærverk eller anna skade på hotellet sin eigedom går på eiga rekning. Alle deltakarar er pliktige til å stille presis til møtestart, også etter pausar. Delegatar skal ikkje reise heim før møteslutt, med mindre anna er avtalt.

Alle deltakarane er gjestar på Scandic Flesland Airport, og skal følgje det reglementet som er der, m.a. med omsyn til nattero og branntryggleik. Av omsyn til andre gjestar på hotellet skal deltakarar på fylkestinget ikkje opphalde seg i gangane etter kl. 23:00. Det kjem til å være trådløst internett på hotellet. Vi ser helst at mobilar berre blir brukt i pausane.

FFU nyttar DigDem som verktøy for å leggje inn forslag, sette seg på talarlista og avrøysting. Den enkelte deltakar må registrere seg gjennom lenke mottatt i e-post. For å nytte dette verktøyet må den enkelte delegat/observatør ha tilgjengeleg PC, mobil eller nettbrett under heile tingseta.

Sakliste for Fylkesting for ungdom Vestland 14. – 16. mars 2026

SAK 1/26 OPNING

Ved fylkesvaraordfører Stian Davies og leiar av VU Marcus Askildsen

SAK 2/26 NAMNEOPPROP

Ved administrativ leiing på Fylkesting for ungdom, Anne Koch Grønlien og Ane Sandvik Arnestad.

Sak 3/26 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE

Vestland ungdomsutval foreslår:

Fylkesting for ungdom godkjenner innkalling og sakliste.

SAK 4/26 VAL AV MØTELEIAR

Vestland ungdomsutval foreslår følgjande møteleiar:

Marcus Askildsen

SAK 5/26 GODKJENNING AV FORRETNINGSORDEN

Sjå s. 10 for Vestland ungdomsutval sitt forslag til forretningsorden.

Vestland ungdomsutval sitt forslag:

Fylkesting for ungdom godkjenner forretningsorden.

SAK 6/26 VAL AV PROTOKOLLSKRIVARAR

Vestland ungdomsutval har valt følgjande protokollskrivarar:

Anne Koch Grønlien, Vestland fylkeskommune

Ane Sandvik Arnestad, Vestland fylkeskommune

SAK 7/26 VAL AV PROTOKOLLUNDERSKRIVARAR

Fylkesting for ungdom gjer slikt val av protokollunderskrivarar:

.....

.....

SAK 8/26 VAL AV REDAKSJONSKOMITÉ

Vestland ungdomsutval sitt forslag:

Fylkesting for ungdom vel:

Forslag vert lagt fram på Fylkesting for ungdom.

SAK 9/26 VAL AV VALKOMITÉ

Vestland ungdomsutval sitt forslag:

Fylkesting for ungdom vel:

Forslag vert lagt fram på Fylkesting for ungdom.

SAK 10/26 BEHANDLING AV ÅRSMELDING 2025

Sjå årsmeldinga på s. 11.

Vestland ungdomsutval foreslår:

Fylkesting for ungdom tek Vestland ungdomsutval si årsmelding for 2025 til orientering.

SAK 11/26 BEHANDLING AV VEDTEKTER FOR FYLKESTING FOR UNGDOM VESTLAND OG VESTLAND UNGDOMSUTVAL

Sjå forslag til vedtekter på s. 20.

Vestland ungdomsutval foreslår:

Fylkesting for ungdom godkjenner vedtekter for fylkesting for ungdom og Vestland ungdomsutval med følgjande endringar:

SAK 12/26 ÅRSREKNESKAP 2025 OG BUDSJETT 2026

Sjå s. 30 for rekneskap 2025 og forslag til budsjett 2026

Vestland ungdomsutval fatta i møte 09.02.2026 følgjande vedtak:

Vestland ungdomsutval tek rekneskapen for 2025 til orientering og vedtek følgjande budsjett for 2026:

Fylkesting for ungdom / Vestland ungdomsutval	Oversikt
Årsbudsjett 2026	525 000
Fylkesting for ungdom	150 000
Møtegodtgjersle for politiske møter	170 000
Tapt arbeidsforteneste politisk møter	90 000
Reise og møter	115 000

Vestland ungdomsutval sitt forslag:

Fylkesting for ungdom tek rekneskap 2025 og budsjett 2026 til orientering.

SAK 13/26 BEHANDLING AV UNGDOMMENS PLANPROGRAM 2026

Sjå tingpapira s. 24 for ungdommens planprogram 2025.

Vestland ungdomsutval sitt forslag:

Fylkesting for ungdom ber Vestland ungdomsutval om å leggje følgjande planprogram til grunn i 2026:

SAK 14/26 VAL AV VESTLAND UNGDOMSUTVAL (VU)

Valkomiteen legg fram sitt forslag til nytt Vestland ungdomsutval på fylkestinget.

Forretningsorden

1. Møtet vert leia av to møteiarar som vert valt av fylkesting for ungdom.
2. Møteiarane si rolle under fylkesting for ungdom er å styre debatten. Det er møteiarane sitt ansvar å passe på tida, slik at ein har tid til å gjennomføre alle sakene på fylkesting for ungdom i høve til programmet.

Før debatten skal møteiarane orientere om korleis ein teiknar seg til debatt. Dei skal halde oversikt over kven som har ordet, samt bestemme tal på replikkar per sak. Møteiarane har ansvar for at sakene på sakslista vert gjennomført i samsvar med vedtektene. Møteiarane kan gjere mindre endringar i sakslista og program, dei kan fremje forslag om strek i debatten, og leggje inn pausar der det passar seg. Møteiarane skal til ei kvar tid vere objektive og nøytrale.
3. Alle tilleggs- og endringsforslag må fremjast frå talarstolen og leverast skriftleg til møteiarane. Forslag til ungdommens planprogram må leverast innan kl. 18 laurdag.
4. Delegatar som ynskjer å halde innlegg i debatten, viser dette ved å melde seg i DigDem.
5. Møteiarane opplyser kven neste talar er når ein delegat får ordet.
6. a. Under eit innlegg kan andre delegatar be om ein replikk. Replikkordskiftet gjennomførast før neste innlegg. Innleggshaldar kan, etter replikkane, halde svarreplikk.

b. Taletida på innlegg skal ikkje vere lengre enn tre minuttar. Kvar delegat kan få ordet inntil to gonger i same sak, då med maksimalt tre og to minuttar. Ein replikk varer maksimalt eitt minutt.
7. Når det framsetjast forslag om strek frå møteiar, skal nye talarar få høve til å teikne seg før strek vert sett.
8. Votering går føre seg i DigDem.
9. Protokollen førast av protokollskrivarar. Etter møteslutt skal protokollen signerast av protokollskrivarane og to protokollunderskrivarar.

Årsmelding 2025

Samansetjing av Vestland ungdomsutval

Stilling	Namn	Kommune
Leiar	Marcus Askildsen	Askøy
Nestleiar	Jakob Berger	Alver
Medlem	Malene Henden Fridtun	Gloppen
Medlem	Isak Thommassen	Alver
Medlem	Ingeborg Wåge Møgster	Bergen
Medlem	Cecilie Aarvik	Stad
medlem	Nikolai Gjesdal	Sunnfjord
Medlem	Carl Fossdal Tveit	Samnanger
Medlem	Victoria Larsen	Stord
1. Vara	Tord Hatteberg	Kvinnherad
2. Vara	Hans Fredrik Moe	Luster
3. Vara	Jonas Aasen Engebø	Sogndal
4. Vara	Michelle Innvær	Bømlo
5. Vara	Dunya Sultan	Askøy

Ord frå leiar og nestleiar

I perioden våren 2025 til våren 2026 har Marcus Askildsen sete som leiar, medan Jakob Berger har sete som nestleiar.

2025 har vore eit år der Vestland ungdomsutval har styrkt rolla si som eit samla og tydeleg stemme for ungdom i fylket. Gjennom året har vi arbeidd målretta for å løfte fram ungdomsperspektivet i politiske prosessar, og vi har oppnådd både større synlegheit, meir gjennomslag og ei tydelegare plassering i samfunnsdebatten.

Inkludering har vore eit sentralt tema i arbeidet vårt. Vi deltok på Inkludering i Vest sitt kickoff, der vi fekk presentere kva som skal til for at ungdom i Vestland skal kjenne seg som ein naturleg del av fellesskapet. Her fekk vi løfte fram erfaringar og utfordringar som ungdom møter, og vi opplevde at innspela våre blei tekne på alvor av både politikarar og fagmiljø.

Gjennom året har vi også arbeidd tett opp mot fylkeskommunen for å sikre at ungdomsmedverknad blir prioritert. Dette arbeidet førte til eit av dei mest konkrete resultata våre i 2025: gjennomslag for ei halv million kroner til fleire sommarjobbar for ungdom. Tiltaket gir fleire unge arbeidserfaring og ein god inngang til arbeidslivet, og viser at ungdomsutvalet ikkje berre blir høyrte, men også kan påverke faktiske budsjettprioriteringar.

Synlegheita vår har òg auka. Vi har vore meir til stades i media og i offentlege kanalar, og fleire ungdommar har fått kjennskap til arbeidet vårt. Dette har styrkt legitimiteten vår og gjort det enklare å nå ut med budskapet vår. Samtidig har vi utvikla ein meir profesjonell og resultatorientert arbeidsform, med betre rutinar for oppfølging, kommunikasjon og sakshandsaming. Dette har gjort oss meir effektive og gitt oss større gjennomslagskraft.

Ved inngangen til 2026 fekk vi også ein viktig moglegheit då vi blei inviterte til å snakke på Vestlandsmøtet. Sjølv om dette fann stad i starten av det nye året, var invitasjonen eit direkte resultat av arbeidet vårt gjennom 2025. Det viser at ungdomsutvalet blir sett på som ein relevant og viktig aktør i fylket, og at stemma til ungdom blir etterspurd på dei største politiske arenaene.

Gjennom året har vi også merka at andre ungdomsråd, både i andre fylke og i kommunane i Vestland, har byrja å sjå til oss for inspirasjon. Arbeidsforma vår, måten vi samarbeider på og korleis vi løftar ungdomsperspektivet, har gjort oss til eit førebilete for andre. Det er ei anerkjenning av innsatsen vår og eit teikn på at vi har bidrege til å styrke ungdomsmedverknaden i heile regionen.

2025 har vore eit år prega av utvikling, samarbeid og konkrete resultat. Vestland ungdomsutval går vidare inn i 2026 med sterkare posisjon, større erfaring og eit klart mål om å halde fram med å løfte ungdomsperspektivet i Vestland fylke.

Opplæring og kompetanse

Utvalet for Opplæring og kompetanse har i denne perioden bestått av Cecilie Aarvik (leiar), Victoria Larsen, Isak Thommassen, Malene Henden Fridtun, Jakob Berger, Nikolai Gjesdal og Michelle Innvær. Gjennom denne perioden har utvalet jobba med flere punkt på planprogrammet i tillegg til å representere VU på relevante møte.

Cecilie og Victoria har begge representert VU på møte i hovudutvalet for Opplæring og kompetanse. På møta med hovudutvalet snakka dei om vidaregåande tilboda i fylket. Der dei hadde ein del fokus på f.eks. Nokre Påbyggslinjer som var lagt fram til nedlegging, men ei linje som har ganske mange søkjarar.

Cecilie har også hatt god kontakt med ein del elevar som har dotte ut av skulen eller kanskje ikkje har kome inn på den linja dei gjerne har ønskte.

Malene snakkea på fylkestinget 9. desember om fylkesbudsjettet der VU var svert misnøgde i det store kuttet på Opplæring og kompetanse.

Jakob og Isak har jobba godt med å sikre å betre lærlingar sitt sosiale nettverk. Fremje godt fysisk og psykisk helse i opplæringa.

Dei har deltaka på læringsamlingar, og har møtt lærlingar innanfor mange fagområder. Dei var der også for å snakke om helse, miljø og sikkerhet. Men fortalte også kva rolle Vestland Ungdomsutvalg har for dei.

Kultur, idrett og inkludering

Utvalet for kultur, idrett og inkludering i Vestland Ungdomsutval har i 2025 arbeidd for å styrkje ungdom si medverknad og inkludering innan kultur-, idretts- og inkluderingsfeltet. Gruppen har delteke på møte i hovudutvalet og på fleire konferansar. Utvalet har i 2025 særleg fokusert på tverrsektorielt samarbeid, inkludert deltaking i utviklinga av den regionale fritidserklæringa for barn og unge.

Medlemmer i utvalet: Carl Tveit, Isak Thomassen, Jakob Berger, Nikolai Gjesdal, Tord Hatteberg og leiar Ingeborg W. Møgster

Aktivitetar i 2025

- **Frivilligkonferansen på Voss (27.09.2025):**

Utvalets representantar deltok i Vestland fylkeskommune si frivilligkonferanse på Voss 27. september 2025. Konferansen samla frivillige organisasjonar og offentlege aktørar for dialog om kultur- og fritidstilbod. Arbeidsgruppa bidrog med innspel om ungdoms deltaking, mangfald og inkludering i fritids- og kulturaktivitetar.

- **Arbeidsgruppe Fritidserklæringa:**

Representantar frå utvalet har delteke i arbeidsgruppa som utarbeider Fritidserklæringa Vestland, visjonen for inkludering i barn og unges fritid. Arbeidsgruppa inkluderer representantar frå Vestland Ungdomsutval samt idrettskrinsen, frivilligsentralar, ALLEMED og fylkeskommunen. I 2025 er det avhalde fleire møte for å konkretisere tiltak og tilrådingar under Fritidserklæringa, slik at «alle barn og unge skal kunne delta jamleg i minst éin organisert fritidsaktivitet».

- **Innlegg på Ungdomskonferansen om Fritidserklæringa (21.–23.09.2025):**

Representantar frå utvalet heldt innlegg på den nasjonale ungdomskonferansen i Kvam kommune. Konferansen er ein viktig arena for ungdomsmedverknad, der unge får høve til å drøfte saker som handlar om ungdom og ungdomsmedverknad.

- **«La oss leike saman» – nasjonal konferanse (03.–04.09.2025):**

Representantar frå utvalet deltok med innlegg på den nasjonale konferansen «La oss leike saman» på Høgskulen i Bergen 3.–4. september 2025. Konferansen, arrangert av Idrettsklynge Vest, har fokus på korleis helse og idrett kan skape inkluderande fritidstilbod. Representantane presenterte Fritidserklæringa og erfaringar frå arbeidet i Vestland, med vekt på ungdoms deltaking i organisert aktivitet og samarbeid mellom sektorane.

Alt i alt er arbeidsgruppa nøgd med korleis arbeidet har blitt gjennomført i 2025, og opplever at innsatsen har gitt meningsfulle resultat og verdifulle bidrag til arbeidet med inkludering, kultur og fritidstilbod for ungdom.

Samferdsel og mobilitet

Utvalet for samferdsel og mobilitet i Vestland Ungdomsutval har i perioden 2025-2026 bestått av gruppeleiar Carl Fossdal Tveit, Hans Fredrik Hagelin Moe og Michelle Innvær. Gjennom året har arbeidsutvalet behandla og engasjert seg i saker som omhandlar samferdsel og mobilitet i Vestland fylke.

Utvalet har:

- Uttalt seg om Miljøløftet si årsmelding frå førre årsperiode og program for neste årsperiode.
- Uttalt seg om tryggings- og betringsarbeid på fylkesvegnettet på strekkja Steinsdalen-Eikedalen.
- Stilt og uttalt seg positivt om vidareføring og ekspandering av ungdomsbillettordninga.
- Fremja arbeid for universell utforming i alle aktuelle saker.
- Nyleg kome med innspel til sak om utfordringar kring elsparkesyklar: Denne saka vert følgd opp av arbeidsutvalet sin leiar i samarbeid med resten av VU.
- Ivareteke og fremja punkta i Vestland ungdomsutval sitt planprogram i saker omhandlande samferdsel og mobilitet.

Utvalet ser fram til å halde fram arbeidet med saka om utfordringar kring elsparkesyklar, og vil utgjeldande periode, halde fram med å fremja punkta i utvalet sitt planprogram.

Næring, plan og innovasjon

Næring, plan og innovasjon har i denne perioden bestått av Malene Henden Fridtun (leiar), Hans Fredrik Moe, Ingeborg Wåge Møgster og Tord Sverresson Hatteberg.

Malene og Hans Fredrik har denne perioden representert Vestland Ungdomsutval på Samarbeidskonferansen i Vestland der omstilling var det store temaet. På konferansen deltok dei bl.a. i ein panelsamtale. Her tok dei med seg punkt frå planprogrammet og snakka ungdommens sak.

Hans Fredrik, Ingeborg og Tord har denne perioden deltaka på Inkluderingskonferansen 2.0, arrangert av NHO. På konferansen diskuterte dei spennande spørsmål om inkludering i arbeidslivet.

Eigen organisasjon

I år har eigen organisasjon bestått av leiar Victoria Isabell Larsen , Cecilie Aarvik, Jakob berger, Isak Thomassen og Michelle Innvær.

Gruppa har vore flink å poste på Instagram gjennom heile året. TikTok og Facebook har ikkje blitt brukt grunna det er lettare å få kontakt med ungdommane gjennom Instagram. Me har posta 2 Instagram-innlegg, og mange historier - vi har laget samlingar av historier så følgene kan gå inn å se på, blandt dette kva me gjør på eit møte.

Neste år ønsker me å vere endå meir aktiv på TikTok, då me kan få betre kontakt med ungdommar der. Victoria har vert aktiv på dei sosiale mediane til Eigen org, også for at fleire skal bli kjend med VU og kva me gjer. Det har vert eit aktivt år, men håpar på å få til endå meir neste periode - med fleire innlegg. Me håper på å arrangere meir for det sosiale innenfor VU for å styrke relasjonane enda mer, og endå meir aktivt arbeid for at fleire skal bli kjend med VU.

Reglement for Fylkesting for ungdom og Vestland ungdomsutval

Vedteke på Vestland fylkesting oktober 2023

Medverknadsorgana fylkeseldrerådet, rådet for menneske med nedsett funksjonsevne og fylkesting for ungdommen skal ha ei rådgjevande rolle i den fylkeskommunale verksemda og skal ha rett til å uttale seg i saker som gjeld eldre, personar med funksjonsnedsetting og ungdom.

Medverknadsorgana er oppretta i medhald av kommunelova § 5-12.

Medverknadsorgana sine oppgåver, saksbehandling og organisering blir regulert i forskrift gitt av departementet.

Vestland ungdomsutval

Vestland ungdomsutval er fylkeskommunen sitt medverknadsorgan for ungdom.

Vestland ungdomsutval har rett på 10 minutt taletid i ordinære fylkesting. Taletida vert nytta ved opninga av fylkesting dag 2.

Vestland ungdomsutval skal bestå av 9 medlemmer. Det skal og veljast fem varamedlemmer. Medlemene av Vestland ungdomsutval skal på valtidspunktet ikkje ha fylt 19 år. Medlemmer og varamedlemmer vert vald av og blant 86 delegatar på samlinga fylkesting for ungdom i mars/april kvart år.

Fylkestinget godkjenner og vel formelt nye medlemmer til Vestland ungdomsutval i junitinget.

Vestland ungdomsutval peikar sjølv ut leiar og nestleiar som skal veljast ut mellom medlemmene. Varamedlemmer kan ikkje bli vald som leiar eller nestleiar.

Vestland ungdomsutval skal ha ein valperiode på inntil to år.

2. Oppgåver

a. Medverknadsorgana kan innafor sitt arbeidsområde

- Gi uttale til forslag til økonomiplan og årsbudsjett
- Gi uttale til regionale planar som angår eldre, personar med funksjonsnedsetting og ungdom
- Gi uttale til saker som andre fylkeskommunale organ legg fram
- Gi råd i alle saker som gjeld levevilkår for eldre, menneske med nedsett funksjonsevne og ungdom knytt til fylkeskommunal verksemd.
- Arbeide for å utvikle eigen organisasjon og verksemd.

Medverknadsorgana kan på eige initiativ ta opp saker som er relatert til fylkeskommunal verksemd.

Årsmelding frå medverknadsorgana vert lagt fram for fylkestinget innan 1. juli kvart år. Fylkesting for ungdom skal i tillegg leggje fram protokoll frå deira fylkesting samt det nye handlingsprogrammet.

Medverknadsorgana skal ikkje behandle saker som gjeld enkeltpersonar.

b. Saker der medverknadsorgana har avgjerdsmynde

- Saker som gjeld eige organisasjon, til dømes budsjett.

c. Saker der medverknadsorgana gjev råd

- Saker til fylkeskommunal verksemd med verknad for eldre, menneske med nedsett funksjonsevne og ungdom.

d. Fråsegner

- Medverknadsorgana kan innanfor sitt arbeidsområde gje sjølvstendige fråsegner, både til fylkeskommunale organ og eksterne organ.

3. Arbeidsform

Medverknadsorgana skal ha minst seks møter kvart år og elles etter behov.

Vestland fylkeskommune sitt ansvar er å:

Leggje fram saker som angår eldre, menneske med nedsett funksjonsevne og ungdom på eit så tidleg tidspunkt at rådet si uttale kan ha moglegheit til å påverke utfallet av saka.

Auke kompetansen til medverknadsorgana i samband med administrative og politiske prosessar.

Syte for eit tilfredsstillande sekretariat slik det kjem fram av kommunelova § 5-12 og forskrift knytt til denne.

Nemne opp ein politisk kontaktperson for ungdommens fylkesting.

4. Saksbehandling

For medverknadsorgana gjeld Reglementet for saksbehandling så langt det passar.

Vedtekter for fylkesting for ungdom og vestland ungdomsutval

Vedtekter for Vestland ungdomsutval

§ 1 Føremål

Vestland ungdomsutval (VU) er arbeidsutvalet til fylkesting for ungdom (FFU) i Vestland fylke. VU arbeider etter mynde frå fylkesting for ungdom. VU følgjer opp vedtak gjort av fylkesting for ungdom og rapporterer til FFU om måten dei har følggt opp vedtaka sidan førre FFU. VU skal fungere som referansegruppe i arbeidet med fylkeskommunale planar og saker som gjeld barn og ungdom.

§ 2 Val og samansetnad

Vestland Ungdomsutval skal bestå av ni medlemer (leiar, nestleiar og sju medlemer). Desse blir vald på fylkesting for ungdom. Det skal også veljast fem varamedlem. Tre av medlemene skal veljast for to år medan dei seks resterande medlemene i likskap med vara har ein valperiode på eitt år. Dette er for å halde kontinuitet i utvalet. Det skal veljast ny leiar og nestleiar kvart år

Medlemene i VU skal vere 14 til 19 år gamle. Ein 13-åring som fyller 14 det året tingsetet finn stad kan bli medlem.

Det skal vera ein balansert samansetjing av medlemmar frå by og distrikt. Ved val av det komande VU skal det også takast omsyn til geografisk spreiding, alder, eigenskapar og kontinuitet. Kjønnbalansen skal vere i samsvar med kommunelova § 7-7 tredje ledd som seier viss organet skal bestå av minst fire medlemmer, skal kvart kjønn vere representert i organet med minst 40 prosent. Kjønnbalansen skal fordelast med å sjå kjønnbalansen for medlem og varamedlem kvar for seg.

§ 3 Arbeidsområde

Vestland ungdomsutval skal rapportere til fylkesting for ungdom om arbeidet med vedtaka som vart gjort under fylkesting for ungdom ved førre tingsete, gjennom ei årsmelding. VU skal bruke malen for årsmelding som er utarbeidd av fylkeskommunen.

VU skal vere referansegruppe i fylkeskommunen sitt arbeid med planar og saker som vedkjem barn og unge.

VU skal planlegge og gjennomføre årlege fylkesting for ungdom (FFU) og nettverkssamling for ungdomsråd (NVS).

VU skal arbeide med saker det er naturleg å ta opp og som det er naturleg å engasjere seg i, på fylkesnivå.

VU skal arbeide for å styrke samarbeidet med barne- og ungdomsorganisasjonane. VU skal ha ei fadderordning for, og ha jamleg kontakt med ungdomsråda i fylket.

VU skal ha jamleg kontakt med fylkeskommunen og fordeler ansvar for dei ulike avdelingane mellom seg. Det skal bli oppretta kontakt mellom VU og avdelingane, og VU skal få innsyn i saker som føregår i fylkeskommunen som angår barn og ungdom.

VU skal innad i utvalet organisere seg på same vis som fylkeskommunen, i den grad dette er mogeleg.

Leiar og nestleiar har eit overordna ansvar

§ 4 Møter

Vestland ungdomsutval fastset eigen møteplan. I utgangspunktet skal dei ha seks ordinære møter i året, i tillegg til nettverkssamling for ungdomsråd og fylkesting for ungdom. Det første møtet etter fylkesting

for ungdom skal vera eit fysisk møte, der eit av føremåla er å verte kjende med dei kvarandre og kontaktpersonen frå fylkeskommunen, for å skape eit best mogleg samarbeid for det kommande året.

Møta skal leggjast opp slik at reiseruta for kvar einskild ikkje vert for lang. Det bør vere møter fordelt i heile fylket, viss dette er praktisk for Vestland ungdomsutval. Det skal i hovudsak leggjast opp til kollektivtransport til møta.

Ved nettverkssamlinga og fylkesting for ungdom skal både medlemer og varamedlemer vere til stades.

§ 5 Vedtak under møtet

Vestland ungdomsutval kan gjere vedtak når minst seks av medlemmane er til stades. Vedtak vert gjort med simpelt fleirtal.

Om det er røystelikska, har leiar dobbelstemme.

§ 6 Møteplikt og forfall

Dersom ein ikkje har gyldig grunn til forfall, har medlemene plikt til å delta i utvalet sine møter og utvalet sitt arbeid.

Gyldig grunn for forfall reknast som: sjukdom, viktige velferdsgrunnar og forretningar eller plikter som ikkje kan utsettast eller forsømast.

Forfall skal meldast til leiaren eller til sekretæren snarast råd, men seinast fire dagar før møtet slik at leiar kan kalle inn varamedlem.

§ 7 Vurdering og ev. fritak

Å vere medlem av Vestland ungdomsutval medfører ansvar, både for å delta på møter i utvalet, og melde ifrå i god tid dersom ein ikkje kan delta på eit møte og å følgje opp dei arbeidsoppgåvene ein vert tillagt.

Medlemer som ikkje møter utan å ha gyldig forfall på to møter, inkl. nettverkssamling for ungdomsråd og fylkesting for ungdom, eller ikkje melder forfall til same tal møter, og gjentekne gonger ikkje gjer arbeidsoppgåvene sine bør vurdere / kan oppmodast av dei resterande medlemmane i VU til å søkje om fritak frå sitt verv i Vestland ungdomsutval.

Det er fylkesting for ungdom som avgjer om eit medlem i VU skal få fritak frå vervet sitt. Om nokon av medlemmane av VU ynskjer fritak frå vervet sitt må vedkomande gje skriftleg beskjed til leiar i VU og til sekretæren. Valnemnda skal få melding om at ein medlem søker fritak frå sitt verv, slik at dei kan komme med framlegg til vedtak for FFU. FFU gjer deretter vedtak over om medlemen får fritak frå vervet sitt i VU. Dette gjeld medlemmar som er valt for to år, men ynskjer å trekkje seg etter eitt år.

Dersom eit medlem ber om fritak undervegs i eit år, og ikkje i samband med fylkesting for ungdom, må vedkomande gje skriftleg beskjed til leiar og sekretær. Dette vert voteringssak på neste møte i VU. VU kan gjere vedtak om at det skal kallast inn fast møtande vara for vedkomande fram til og med neste fylkesting for ungdom. Ein skal då nytte den prioriterte rekkefølgja av varamedlemmar. Om ein ynskjer å trekkje seg frå vervet ein har (leiar, nestleiar, medlem), kan VU vedta å fordele verva annleis. Eit slikt bytte skal vere ei voteringssak og er gjeldande etter den datoen VU vedtek.

§ 8 Møteleiing

Leiar av VU skal vere møteleiar. Dersom leiar ikkje kan stille på møtet skal nestleiar fungere som møteleiar. Dersom begge desse er vekke, skal Vestland ungdomsutval stemme over kven som skal leie møtet.

Referenten på møtet er den fylkeskommunalt tilsette. Denne personen skal ha ei støttande rolle i møtet, og skal skrive referata frå møte og protokoll om det ikkje er andre ynskjer. Referata bør vere utvalet i hende før neste møte. Denne personen har talerett i alle saker, men bør unngå å fremme egne politiske meiningar. Dette er det møteleiaren si oppgåve å følgje opp.

§ 9 Innkalling og sakliste

Vestland ungdomsutval skal verte kalla inn skriftleg med minst sju dagar varsel. Saksdokumenta vert sende til medlemene, varamedlemene og eventuelt andre til same frist. Dersom ingen medlemmer seier i mot, kan VU handsame saker sjølv om dei er sendt ut etter fristen.

Leiinga set opp sakliste før kvart enkelt møte, om ynskjeleg saman med sekretær. Saklista skal liggje ved innkalling

§ 10 Ugildskap

For ugildskapen til medlemene gjeld reglande i forvaltningslova kap. II og kommunelova § 40 nr.3.

Medlemmer som er ugilde deltek ikkje ved handsaming av saka og forlèt møtet dersom det er eit lukka møte.

§ 11 Økonomi

Målet med Vestland ungdomsutval er at alle skal kunne vere med, uavhengig av økonomisk bakgrunn eller personleg økonomisk situasjon.

Medlemene skal ikkje ha utgifter knytt til transport, deltaking og opphald på VU sine møter eller når dei representerer VU i andre samanhengar enn ordinære møter.

Til møta knytt til jobb for VU vert det gjeve reiserefusjon.

§ 12 Endring av vedtektene

Endringar i vedtektene for VU vert gjort av fylkesting for ungdom i Vestland med $\frac{2}{3}$ fleirtal.

Endringar i vedtektene tek til å gjelde i det dei vert vedtekne av fylkesting for ungdom i Vestland.

Vedtekter for Fylkesting for ungdom

§ 1 Innleiande føresegner

§ 1-1 Namn Det offisielle namnet er "fylkesting for ungdom" avkorta som "FFU". I dei fleste høve er det naturleg å leggje til "Vestland". Logoen er den same som for fylkeskommunen.

§ 1-2 Føremål Fylkesting for ungdom (FFU) er det øvste talerøyet for ungdom i Vestland fylke. Fylkesting for ungdom skal arbeide med å ivareta ungdom i Vestland sine interesse for å auke samfunnsengasjementet hjå ungdommen. FFU er eit demokratisk organ for å fremja ungdomsmedverknad. I tillegg skal det stimulere til politisk engasjement samt for opplæring og erfaring i demokratiske prosessar, og få innsyn i demokratiet som styreform og folkestyret som grunnverdi.

§1-3 Fylkesting for ungdom kan sjølv ta opp saker dei ynskjer å fremje med administrasjonen og/eller politiske organ i fylkeskommunen

§ 2 Gjennomføring av tinget

§ 2-1 Fylkesting for ungdom sine møter er opne for alle som er interesserte.

§ 2-2 Fylkesting for ungdom skal ha ein årsmøtefunksjon ovanfor Vestland ungdomsutval, der VU rapporterer til FFU om sitt arbeid i løpet av året. FFU skal behandle fjorårets rekneskap, årsmelding og forslag til budsjett for komande periode.

§ 2-3 FFU lagar og vedtek eit ungdommens planprogram for kva saker VU skal arbeide med det komande året. Ungdommens planprogram er det øvste politiske dokumentet for VU. Formålet med, og oppbygginga av, programmet vert lagt ved i eit utdjupingsdokument. Oppstår det konflikta mellom planprogrammet og andre vedtak gjort av FFU eller VU, gjeld planprogrammet som både FFU og VU sin politikk. Utdjupningsdokumentet kan endrast ved $\frac{2}{3}$ fleirtal av FFU.

§ 2-4 VU har moglegheit til å gjere redaksjonelle endringar i planprogrammet og eigne dokument om FFU gjer dei denne friheita.

§ 2-5 VU avgjer deltakingsavgifta for neste FFU heilt fram til invitasjonen skal sendast ut.

§ 3 Deltakarar

§ 3-1 Alle kommunar i Vestland, uavhengig av folketal, kan sende to ungdommar til FFU som delegatar. Representantane skal veljast innad i ungdomsrådet eller kommunestyret.

Om kommunane ynskjer å sende fleire representantar er det plass til ti observatørar. Kvar kommune får prioritert ein observatør fram til observatørplassane er fylt opp. Her er det snakk om å vere dei fyrste til å melde frå om ynskje av desse plassane. Dersom det er ledige plassar ved påmeldingsfristen kan kommunar få fleire observatørplassar.

Ein må vera delegat for å inneha tale-, forslags-, og røysterett. Ungdommar som ikkje er delegatar, men som er sende få kommunane er å rekne som observatørar. Dei stillar med talerett, men ikkje forslags- og røysterett.

Inviterte gjestar i alderen 13-19 år har berre talerett. Andre gjestar har ikkje talerett, ei heller forslags- og røysterett.

Gjestar skal ha moglegheit til å søke om talerett.

§ 3-2 FFU skal bestå av ungdom mellom 13 og 19 år med tilknytning til fylket. Det vil seie at ein kan vere delegat frå og med det kalenderåret ein fyller 14, men kan ikkje ha fylt 19 år på valtidspunktet.

§ 3-3 Fylkesting for ungdom skal vera partipolitisk nøytralt. Representantane representerer kommunane sine og ikkje eit politisk parti.

§ 3-4 Alle medlemer og varamedlemer av VU har delegatstatus. Medlem og varamedlem av VU representerer FFU og ikkje kommunen dei kjem frå.

§ 4 Organisering og nemnder

§ 4-1 FFU skal haldast ein gong i året og skal arrangerast innan utgangen av mars, så lenge VU ikkje bestemmer noko anna eller særlege grunnar talar mot dette. Særskilde grunnar kan mellom anna vera dårlig påmelding frå kommunane, sjukdom og liknande.

§ 4-2 Dersom VU finn det nødvendig kan dei kalle inn til ekstraordinært FFU.

§ 4-3 VU kallar inn til FFU fem veker før FFU skal arrangerast, medan sakspapira skal sendast ut seinast 14 dagar før arrangementet begynner. § 4-4 Det skal førast møtebok for FFU. Møteboka vert lagt ut på fylkeskommunen sine nettsider etter at den er ferdigstilt. Møteboka må underskrivast av to delegatar valt av FFU.

§ 4-4 FFU vert leia av to ordstyrar. Ordstyrarane skal veljast av tinget. Det er VU som kjem med framlegg til ordstyrar, men tinget kan kome andre framlegg.

§ 4-5 FFU vel ei valnemnd på minimum tre personar etter innstilling frå VU. Desse kan veljast mellom avtroppande medlem av VU, representantar frå FFU som ikkje stiller til val, nokon som har særskild erfaring med arbeid i ein valnemnd, ein person frå administrasjonen. FFU og VU skal ha minst halvparten av medlemene. Valnemnda skal innstille på medlem til VU. Valnemnda kan ikkje innstille på sine eigne medlem i nokre av posisjonane.

§ 4-6 FFU vel ei redaksjonskomite på minimum tre personar etter innstilling frå VU. Medlemene vert valt blant deltakarane på FFU. Komiteen har i oppgåve å innstille på kva saker som skal realitetsbehandlast, samt setje opp rekkefølga til røystinga. Redaksjonskomiteen si innstilling til om sakar skal realitetsbehandlast kan endrast om 1/3 røystar for endringa.

Redaksjonskomiteen kan gjere mindre redaksjonelle endringar i ei fråsegn så lenge dette ikkje endrar innhaldet, dei skal også tilby forslagsstillarane hjelp med å finne eventuelle betre formuleringar. Redaksjonskomiteen kan skrive eigne forslag med same intensjon som forslag innsendt av delegatar, men i første rekkje bør uttalenemnda ha ein god dialog med forslagsstillar.

§ 4-7 FFU kan setje ned nemnder med mandat.

§ 4-8 Kommunane i Vestland kan melde inn saker til FFU. Sakene skal handsamast av VU og må difor vera i VU sine hender minst ein månad før tinget.

§ 5 Vedtak og røysting

Minst 50% av fylkesting for ungdom sine frammøtte delegatar må vere til stade i møtet for at vedtak skal vere gyldige. Alle vedtak skal gjerast ved røysting. Vedtak vert gjort med simpelt fleirtal. Dersom røystene står likt vert det votert over saka éin gong til. Dersom røystene deretter igjen står likt er leiar i VU si røyst avgjerande.

§ 5-1 Vedtekter må bli stemt gjennom ved $\frac{2}{3}$ fleirtal, dette gjeld også ved endring av vedtektene.

§ 6 Arrangement i regi av VU /FFU

§ 6-1 Det er ved alle arrangement i regi av FFU og VU nulltoleranse for trakassering.

§ 6-2 Alle møte og tilstellingar i FFU og VU skal vere fri for alkohol og illegale rusmiddel under heile arrangementet.

§ 6-3 Deltakarar som bryt regelverket etter § 6-1 og § 6-2 eller køyrereglane vedteke av FFU eller VU, kan sendast heim frå møtet eller arrangementet.

§ 6-4 Dersom medlem i VU eller deltakarane ved FFU/VU sine arrangement får informasjon om brot på vedtektenes § 6-1 skal dette meldast til fylkesadministrasjonen sitt varslingsutval etter diskusjon med VU sin rådgjevar/sekretær. Desse sakene skal handsamast under taushet fram til endeleg konklusjon er fatta.


Forslag til ungdommens planprogram 2026

DEL 1 VISJON OG VERDIAR

VISJON

Fylkesting for ungdom Vestland – der ungdom blir høyrd

VERDIAR



DEL 2 MÅL FOR PERIODEN

Kultur, idrett og inkludering

Fylkesting for ungdom Vestland meiner at:

1. VU skal legge opp til to obligatoriske kulturelle tilbod som alle klassar skal delta på i løpet av eit år.
2. VU skal jobbe for at ungdommar i økonomisk vanskelegstilte familiar lettare skal kunne delta på fritidsaktivitetar, på lik linje med andre.
3. VU skal arbeide for variasjon i idretts- og kulturtilbod lokalt i kommunane
4. VU skal arbeide for gaming som eit lågterskeltilbod i fylket.
5. VU skal vera med å jobba for å få store nasjonale og internasjonale idrettsarrangement til Vestland.
6. VU skal oppretthalde samarbeidet med DKS om kulturtilbodet i den vidaregåande skulen, og foreslå at produksjonen skal handle om samfunnsaktuelle tema, og at det skal vere mogleg å kome med respons i ettertid.
7. VU skal arbeide for at kulturskulen blir oppretthaldt og forbetra.
8. VU skal arbeide for at alle bibliotek skal kunne tilby tenesta utstyrsbibliotek.
9. VU skal arbeide for å innføre ordninga med sjølvbetente bibliotek i fylkeskommunen.
10. VU skal arbeide for å etablere fleire og betre møteplassar for ungdom.
11. VU skal arbeide for at det blir oppretta eit fritidskort for ungdom i Vestland fylkeskommune.
12. VU skal arbeide for ei prøveordning med fadderordning for innføringsklasser.
13. VU skal arbeide for en kampanje fokusert på inkludering i lagidrett for aldersgrupper der prestasjon og nivå fører til at mange ungdom sluttar med idrett.
14. VU skal arbeide for at ungdommar skal kunne søke om midlar for å lettare kunne danne sine egne ungdomsklubbar, idrettslag eller organisasjonar.
15. VU skal arbeida for å ivareta urfolk og andre minoritetar sine interesser i Vestland
16. VU skal arbeide med fokus på inkludering av alle fritidsaktivitetar, til dømes musikk, gaming, teikning eller anna.
17. VU skal arbeide for at kommunane prøver å lage ein arena der ungdom kan ytre sine meiningar. Til dømes debatt på biblioteka.
18. VU skal arbeida for eit fylke med plass til, og mogleheitar for alle, uansett kjønn, legning, alder etc.
19. Alle kommunar bør ha ei oversikt eller ein kalender med hendingar og tilbod for unge.
20. VU skal arbeide for å fremje og auke midlar til dei mindre kjente fritidsaktivitetane i distrikta.
21. VU skal arbeida for å fremje bruk av nynorsk som ein representasjon av kultur rundt målform.
22. VU skal arbeida for at tilbodet Open hall, og uformelle møteplassar skal vera eit tilbod for ungdommar i heile fylket.
23. VU ynskjer at idrettsanlegg som til dømes fotballbane blir oppretthaldt til lovleg standard.
24. VU skal jobbe for at fleire kommunar i fylket skal ta inspirasjon frå gloppenmodellen i integreringsprosessane.
25. VU skal arbeide for eit meir inkluderande arbeidsliv, som alle kan ta del i.

Næring, plan og innovasjon

Fylkesting for ungdom Vestland meiner at:

1. VU skal arbeide for å minske matsvinn i Vestland, til dømes ved å sørge for at brukbar mat som ikkje kan bli seld blir gitt til relevante føremål.
2. VU skal arbeide for fleire lærlingplassar, særskilt i framtidsretta og innovative bedrifter.

3. VU skal arbeide for at Vestland fylkeskommune har fokus på berekraftig utvikling.
4. VU skal arbeide for meir fornybar energi i fylket, særleg er utbetringa av vasskraft, solkraft og kjernekraft viktig.
5. VU skal arbeide for at vindmølleutbygging i fylket må ivareta miljøomsyn og vere lokalt forankra.
6. VU skal arbeide for at ei låneordning for unge entreprenørar vert oppretta.
7. VU skal arbeide for å leggje til rette for at ungdom i vidaregåandeskule-alder skal ha moglegheit til deltidsjobb.
8. VU skal arbeide for at Ungjobb skal verte innført i alle kommunane i Vestland fylke.
9. VU skal arbeide for at ungdom lettare skal kunne få seg sommarjobb.
10. VU skal arbeide for at Vestland fylke har gode ordningar for unge som ynskjer å drive med etablerarskap og næringsutvikling i heile fylket, ikkje berre i dei store byane.
11. VU skal arbeide for å optimalisere vasskraftindustrien i Vestland.
12. VU skal arbeide for at Vestland fylkeskommune skal sette krav til bruk av lærlingar i anbod som fylket lyser ut.
13. VU skal arbeide for ei oversikt over deltidsjobbar og sommarjobbar for ungdom i heile fylket.
14. VU skal arbeide for meir vern av myr og andre sårbare naturområder.
15. VU skal arbeide for at Vestland fylkeskommune skal legge til rette for at ein kan få lærlingplassar i utlandet
16. VU skal arbeide med å fremje karbonfangst og -lagring
17. VU skal arbeide for at alle vidaregåande skular i Vestland skal legge til rette for ungdomsbedrifter.
18. VU skal jobbe for at det blir forska meir på kjernekraft.
19. VU skal arbeide for god arealutnytting.
20. VU skal arbeide for å unngå nedbygging av matjord.
21. VU skal arbeide for å styrke samfunnssikkerheit og beredskap.
22. VU skal sjå på moglegheiter for å ta i bruk KI.
23. VU skal arbeide for ei haldningsendring hos arbeidsgjevarar når det gjeld å tilsette yngre ungdommar som ynskjer sommarjobb eller deltidsjobb.
24. VU skal jobbe for å etablere små vindturbinar og solcellepanel på allereie etablerte industriområde.

Opplæring og kompetanse

Fylkesting for ungdom Vestland meiner at:

1. VU skal arbeide for betre symjeopplæring i skulen for heile fylket.
2. VU skal jobba for at vidaregåande skoler har meir oppdatert kompetanse om psykiske helseplager og nevrodivergens, til dømes ADHD, autisme, og dysleksi.
3. VU skal arbeide for ei inntaksordning i fylket som sikrar at elevar får søke på skular dei ynskjer, men ha rett til å gå på ein nærskule.
4. VU skal arbeide for at fråfallet i den vidaregåande skulen skal være mindre enn 15% ved å utbreie alternative utdanningstilbod som til dømes produksjonsskular.
5. VU skal arbeide for eit større fokus på psykisk helse i skulen, og for at psykiske helsetenester skal være meir kjende og lettare tilgjengeleg
6. VU skal jobbe for at ungdom som treng det skal ha moglegheit til å snakke med ein kvalifisert helsearbeidar.
7. VU skal arbeide for å styrke midlar til å forbetre helsetenesta på vidaregåande skule, helst frå ung alder.
8. VU skal arbeide for å opprette fleire linjer ved vidaregåande skular som har yrkesfag med idrettstilpassing. Dette gjennom m.a. dialog med idrettsutøvarar og fylkeskommunen, og forlengje studietida over tre år i staden for to, slik at ein får nok tid til trening, restitusjon, samlingar og liknande.

9. VU skal jobbe for å lage eit minimumskrav om tal nynorsktimar for dei som skal ha nynorsk som sidemål. VU skal jobbe for at nynorskundervisinga startar tidleg.
10. VU skal arbeide for å betre seksualundervisinga. Gjennom blant anna å ta temaet opp i media, med fylkespolitikarar og engasjerte ungdomsråd til å krevje meir frå grunnskulen.
11. VU skal arbeide for ei fråværsgrense på 15% med gratis legeerklæring og fråtrekk av dokumentert fråvær.
12. VU skal arbeide for å bevare og forbetra skulefrukost på alle vidaregåande skular i Vestland.
13. VU skal arbeide for å lage og fremje alternative utdanningsløp, til dømes praktisk utdanning, jobb osv.
14. VU skal arbeide for opprettinga av eigen budsjettpost i fylkesbudsjettet tileigna ekstraløyvingar til innkjøp av skulebøker på begge målformer.
15. VU skal arbeide for at alle elevar skal ha tilgang på skule psykolog, ein sosialpedagogisk rådgivarteneste med minst eitt årsverk på kvar skule og ein helsesjukepleiar i 100% stilling som skal være open og lett tilgjengeleg.
16. VU skal arbeide for at rådgjevartenesta skal ha eit årsverk per skule.
17. VU skal arbeide for at alle skular, i samråd med elevråd, skal tilsette miljøarbeidarar.
18. VU skal arbeide for å gjere det meir attraktivt å ta den vidaregåande opplæringa ein ynskjer ved å bruke dei digitale moglegheitene
19. VU krev at vi gjev slepp på tanken om at læraren og læreboka er dei einaste kjeldene til kunnskap, og at digital og moderne læremiddel må brukast på måtar som fremjar læringa.
20. VU skal arbeide for at elevar som må bu borte i samband med vidaregåande opplæring skal motta stipend som dekkjer leviekostnader fullt. Stipendet skal også justerast i tråd med prisstigning.
21. VU skal arbeide for at produksjonsskular skal få auka status i heile fylket og fremje ulik alternativ til utdanning. For eksempel fagbrev ved å jobbe 5 år i bedrift og privateksamen.
22. VU skal arbeide for en fråværsgrense på 15% med gratis legeerklæring og fråtrekk av dokumentert fråvær.
23. VU skal arbeide for å oppretthalde tilbod om gratis mensprodukt på vidaregåande skular.
24. VU skal arbeide for at vidaregåande skular arrangerer open skule.
25. VU skal samarbeide med interesseorganisasjonar for elevar som eit tiltak for å betra elevane sine tilhøve.
26. VU skal arbeide for å ha 1 kontaktlærar per 15 elevar i vidaregåande skule.
27. VU skal jobbe for at fråværsgrrensa i 2 timars fag skal aukast slik at det ikkje er like enkelt å overgå 10% regelen.
28. VU skal arbeide for at alle som går yrkesfag skal få tilbod om lærlingplass.
29. VU skal arbeide for at alle som er tilsett som lærar på vidaregåande skule helst skal ha pedagogisk utdanning.
30. VU skal arbeide med å sikre at stipend og andre ordningar dekkjer dei reelle utgiftene som kjem ved å gå på dei ulike linjene. F.eks MK, KDA, og andre yrkesretta linjer.
31. VU skal arbeide for at fleire vidaregåande skular skal oppretta og tilby TAF-ordninga i Vestland fylke.
32. VU skal arbeide for at elev-og lærlingombud og mobbeombud skal få fleire ressursar.
33. VU skal arbeide for at elever skal lære meir om økonomi og god helse på vidaregåande skule.
34. VU skal arbeide for at elevar på studieførebuande linjer skal få moglegheit til utplassering i minst to veker i løpet av eit skuleår dersom dei ynskjer det, på ein utplasseringsplass som er relevant for elevens programfag.
35. VU skal arbeide for fleire ordningar for leksehjelp på vidaregåande skole etter skoletid.
36. VU skal arbeide for at det blir lettare og meir attraktivt for unge å velje utradisjonelle yrker og utdanningar.
37. VU skal arbeide for innføring av mappevurdering som eit alternativ til eksamen.
38. VU skal arbeide for innføring av mappevurdering som eit alternativ til eksamen.
39. VU skal arbeide for at studieforberedande fag skal ha same moglegheit til hospitering eller praksisarbeid i yrker i nærområde eller i kommunen som yrkesfag.

40. VU skal jobbe for at elevar som droppar ut av vidaregåande opplæring skal få oppfølging frå fylkeskommunen. Der fylkeskommunen skal ha som intensjon å få vedkommande inn i eit utdanningsløp eller finne ein alternativ veg til studiekompetanse/fagbrev.
41. VU meiner at alle skular skal ha ei felles portal, skulane kan sjølv velge kva, men det må være den same for heile skulen.
42. VU skal arbeide for bruk av KI-assisterte læremiddel i skulen,, til dømes Khanmigo.
43. VU skal arbeide for å betre tilbod på påbygg på yrkesfag i distriktet.
44. VU skal arbeide for at fråværsgrrensa vert auka ut i frå antal timer ein har i faget.
45. VU skal arbeide for å gje elevar gratis tannlegetilbod til dei er ferdige med vidaregåande.
46. VU skal arbeide for at det berre blir kjøpt inn lærebøker som er tilgjengelege på både bokmål og nynorsk målform.
47. VU skal arbeide for at avtalen som gir elevar i Sveio, Etne, Stord, Ullensvang, Bømlo og Kvinnherad rett til å gå på skule i Rogaland.
48. VU skal arbeide for at TAF/YSK-utdanningsløpa blir opprettheldt.
49. VU ynskjer betre oppfølging av ungdommar som slit med visdomstenner, og generelt ungdommar sin tannpleie.
50. VU skal jobbe for at all opplæring av flyktningar i Vestland fylke skal finne stad på nynorsk.
51. VU vil arbeide for at stipendet til VGS-elevar skal dekkje innkjøp av datamaskin.
52. VU meiner at alle skular på Vestlandet skal være haldbare under alle vêrforhold.
53. VU skal arbeide for fleire miljøarbeidarar for å avlasta læraren.
54. VU skal jobbe for at alle ungdommar på VGS skal få opplæring i å skrive jobbsøknad og CV.
55. VU skal styrke midlar til å forbetre helseteneste på vidaregåande skule, slik at elever skal ha tilgang på skulepsykolog, ei sosialpedagogisk rådgjevarteneneste med minst eit årsverk på kvar skule og ein helsesjukepleiar i 100% stilling som skal være opne og lett tilgjengeleg.

Samferdsel og mobilitet

Fylkesting for ungdom Vestland meiner at:

1. VU skal arbeide for fleire bussavgangar i distriktet
2. VU skal samarbeide tett med selskap som utøver kollektivtilbodet i Vestland fylke, samt fylkeskommunen for å sørge for at kollektivtilbodet passar særleg skuletider og fritidsaktivitetar.
3. VU skal arbeide for at ungdomsbilletten til Skyss skal vere tilgjengeleg for ungdomskuleelevar.
4. VU skal arbeide for betre ras- og trafikksikring i Vestland fylkeskommune.
5. VU skal arbeide for at alle typar kollektivtransport (tog, båt ekspressbuss o.l.) skal vere omfatta av ungdomskort. Dette må gjelde på alle stopp og linjer innanfor fylkesgrensa.
6. VU skal arbeide for at fylkeskommunen legg til rette for at skulekort skal gjelde på ekspressbussar.
7. VU skal arbeide for hyppigare avgangar på buss mellom dei store regionsentera i fylket, samt regionsenter utanfor fylket som er viktige for grensekommunar.
8. VU skal arbeide for at ungdomsbilletten skal bli ei nasjonal ordning.
9. VU skal arbeide for utbygging av sykkelveggar samt legge til rette for sykkelutleige i både bygder og byar.
10. VU skal arbeide for å få alternative transporttilbod i distrikta.
11. VU skal arbeide for å få moglegheit for lading på all kollektiv transport i Vestland fylke.
12. VU skal arbeida for at det skal byggast bybaneforbindelse til tettstader rundt Bergen.
13. VU skal arbeida for å gjere det lettare å bu i distrikta med betre kollektivtransport, betre gangveggar og trafikktryggleik.
14. VU skal jobbe for å få søppelspann på alle busstopp.
15. VU skal jobbe for betre korrespondanse mellom alle kollektivtilbod i fylket.
16. VU skal arbeide for betre kollektivtransport mellom øysamfunna og fastland.
17. VU skal arbeide for å i størst mogleg grad oppnå total universell utforming i heile fylket.
18. VU skal arbeide for å kunne ha alternative tidsperiodar på ungdomskortet frå de noverande 30 dagane.
19. VU skal arbeide for at fleire kommunar tilbyr gratis kollektivtransport for ungdom.

20. VU skal arbeide for realisering Hordfast-prosjektet, og "Ferjefri E39"
21. VU skal arbeide for å tillate reklamefinansiering på Skyss sine kjøretøy, og øyremerka inntektene frå dette til lågare billettprisar og/eller fleire avgongar.
22. VU skal jobbe for å prioritere oppgradering og tunnel på vegstrekninga E39 mellom Breim og Sandane.

Eigen organisasjon

Fylkesting for ungdom Vestland meiner at

1. Eigen organisasjon skal arbeide for å ha jamleg kontakt med dei ulike ungdomsråda i fylket. Dei skal prøve å ha kontakt med VGS, og fremje engasjement innan ungdomsråd.
2. I VU og på FFU skal alle føle seg velkomne og trygge på å sei si meining.
3. VU skal presentere relevante saker på sosiale medium jamleg gjennom året.
4. Sitjande VU skal sørge for en god og informativ overlapp med kommande VU, både generelt og i dei ulike utvala.
5. VU skal være en aktiv pådrivar i arbeidsgrupper for oppretting av nasjonalt ungdomsråd.
6. VU skal ha ei Facebook-gruppe med representantar frå alle ungdomsråda i fylket.
7. VU skal arbeide for tett samband med relevante ungdomsorganisasjonar og vere synlege der andre ungdomsparti er synlege, som for eksempel å stå på stands og arrangere debatter.
8. VU skal arbeide for å fremje FFU sine saker i media.
9. VU skal sende representantar til utvalsmøta når det er oppe saker som er relevante for ungdom.
10. VU skal arbeide med å gje ungdomsråda i fylket ein eigen kontaktperson i VU, og hjelpe ungdomsråda med rådgjeving og oppfølging.
11. VU skal arbeide for å lage reklame- eller informasjonsfilm som opplyser om VU sitt arbeid i ulike relevante medium. Filmen skal delast med ungdomsråda i fylket.
12. VU skal presentere seg for alle ungdomsråd i Vestland og sørge for kontinuerlig kontakt med råda.
13. VU skal arbeide for at fleire regionråd skal ha eigne ungdomsråd
14. VU skal arbeide for at ungdomsråd får kjennskap til ulike høyringar i fylket slik at råda kan sende inn høyringsuttaler.
15. VU skal arbeide med å hjelpe ungdomsråd i kommunane som treng bistand i større saker. Terskelen skal vere låg.
16. VU skal arbeide med å lage informasjonsplakat som kan henge på skular rundt om i Vestland fylke som formidlar VU sitt formål.
17. VU skal prioritere arbeid for å fremje eit mangfald av identitetar, til dømes ved å delta på pride-parader.
18. VU skal arbeide for å styrke eigen økonomi.
19. VU skal ha promoteringsartiklar til alle medlemne.
20. VU skal vitje samlingane til elevråda i Hordaland og Sogn og Fjordane.
21. VU skal jobbe for at alle ungdomsråda i fylket blir representerte på fylkesting for ungdom.
22. VU skal sende ut informasjonsskriv per mail til alle ungdomsråd i fylket minimum 2 gonger i året som inneheldt mellom anna informasjon om VU og kva dei arbeider med.

Rekneskap 2025 og budsjett 2026

Rekneskap 2025

Art		Regnskap 2025	
40013	Ungdommens fylkesting	563 247	500 000
Utgifter		823 607	500 000
105011	Bilgodtgjersle, trekkpliktig	6 207	0
105012	Kostgodtgjersle, trekkpliktig	17 441	0
108000	Fast godtgjersle til politisk arbeid	0	196 825
108001	Møtegodtgjersle politisk arbeid	64 858	0
108002	Tapt arbeidsfortjeneste politisk arbeid u/feriepengar	104 262	0
108003	Tapt arbeidsfortjeneste politisk arbeid m/feriepengar	2 487	0
109003	Pensjonspremie KLP	0	35 428
109900	Arbeidsgjevaravgift	27 487	32 747
111503	Bevertning til møte/kurs/reise	208 719	85 000
112000	Anna forbruksmateriell, råvarer og tenester	16 500	0
112001	Arbeidstøy og tekstilar	1 511	0
112003	Gåver til ansatte	2 322	0
112004	Opphaldsutgifter ved tenestereise (eksl. kurs)	166 186	50 000
115001	Opphaldsutgifter ved tenestereise kurs	15 903	50 000
116001	Bilgodtgj. Oppg.pl.	16 020	0
116002	Kostgodtgj. Oppg.pl.	37 874	0
117001	Reiseutgifter møte/kurs	98 766	50 000
137000	Kjøp frå andre (private) eksl. konsulent/juridisk	304	0
142900	Utgiftsføring av betalt mva./kompensert	36 760	0
Inntekter		-260 359	0
172900	Kompensert mva.	-36 760	0

173000	Refusjon frå fylkeskommunar	-8 450	0
175000	Refusjon frå kommunar	-208 980	0
177000	Refusjon frå andre	-6 169	0

Budsjett 2026

Fylkesting for ungdom / Vestland ungdomsutval	Oversikt
Årsbudsjett 2026	525 000
Fylkesting for ungdom	150 000
Møtegodtgjersle for politiske møter	170 000
Tapt arbeidsforteneste politisk møter	90 000
Reise og møter	115 000

Fylkesting for ungdom frå A til Å

Benkeforslag: Også kalla «benking». Forslag om endring av valkomitéens innstilling til medlemmer for Vestland ungdomsutval.

Debatt: Diskusjon der ein kjem med argument for ei sak. På fylkesting for ungdom skal me debattere sakene i ungdommens planprogram.

Delegat: Ein deltakar på fylkesting for ungdom som har tale-, forslags- og stemmerett.

Endringsforslag: Delegatane på fylkesting for ungdom kan kome med forslag til endringar på punkta som allereie står i saker på saklista. Dei kan anten endre innhaldet eller formuleringa i punktet.

Etterretning: Å ta noko til etterretning tyder at ein merkar seg innhaldet i ei sak, utan at ein tek direkte stilling til det eller gjer noko meir med det.

FFU: Fylkesting for ungdom. Samlinga for ungdomsråd og ungdommens kommunestyre i Vestland.

Forretningsorden: Spelereglar for korleis møtet skal haldast. Forretningsorden kan seie noko om kven som kan møte og stemme, taletid og korleis debatten og votering skal gå føre seg. Forretningsorden er noko av det fyrste som vert tatt opp på eit møte, sånn at alle veit korleis møtet skal gå føre seg.

Formelt antrekk: Middagen på søndag er formell! Formelle klede er ikkje joggebukse, ikkje collegegenser, men dress/skjorte, kjole eller noko anna fint!

Forslag: Delegatane kan kome med forslag til saker til ungdommens planprogram eller andre saker på saklista. Det er lurt å førebu dette på førehand og gjerne diskutere med medlemmene i ungdomsrådet. Forslaget treng ikkje ha noko å gjere med det som allereie står i saka. Alle forslag skal leverast inn skriftleg, og må bli fremma frå talarstolen slik at alle delegatane kan diskutera det. Redaksjonskomitéen vil hjelpe til dersom du treng hjelp med å skrive forslaget.

Fylkesordførar/fylkesvaraordførar: Leiaren og nestleiaren av det vaksne fylkestinget. Jon Askeland er fylkesordførar og representerer Senterpartiet, medan Stian Davies er fylkesvaraordførar og representerer Arbeidarpartiet. Når dei er i rollene sine som fylkesordførar og fylkesvaraordførar, representerer dei heile fylkestinget og Vestland fylkeskommune, og ikkje berre sitt eige parti.

Gjestar: Personar som av ulike grunnar er invitert til fylkesting for ungdom. Gjester har talerett, men ikkje forslagsrett og stemmerett.

Innlegg: Den forma ein vanlegvis brukar når ein tek ordet. Ein kan teikna seg til innlegg ved å vise teiknet som møteleiaren forklarar på fylkesting for ungdom. Ein kjem då på talelista og får som regel ei viss tid til rådighet, gjerne rundt 3 minutt, til å leggje fram sitt syn på ei sak. Andre kan kome med replikkar på ditt innlegg.

Innstilling: Ei tilråding av kva ein skal stemme i ei sak. Vestland ungdomsutval kjem normalt med innstilling til forretningsorden, møteleiaren, protokollskrivaren, protokollunderskrivarar, redaksjonskomité og valkomité. Delegatane på fylkesting for ungdom treng ikkje stemme i tråd med innstillinga dersom dei ikkje er einige.

Kandidat: Personar som stiller til val i valsakene som vert behandla på fylkestinget. Det er berre personar som er medlem av eit kommunalt ungdomsråd, er fylt 13 år og ikkje enno er fylt 19 år som er valbare og kan vere kandidatar.

Kontrollnemnd: Fylkesting for ungdom si vaktbikkje. Arbeidsoppgåvene til kontrollkomiteen er å passe på at VU og FFU arbeider etter dei gjeldande vedtektene. Kontrollkomiteen består av tre medlemmar, og vanlegvis er det ungdommar som tidlegare har vore medlemmar i fylkesting for ungdom.

Konstituering: Å konstituere møtet vil seie å fatte ei rekke vedtak som klargjer korleis møtet skal verte heldt, som til dømes val av møteleiaren, referentar og vedtak av dagsorden og forretningsorden.

Legge til grunn: Under votering mellom to alternativ vert eitt av alternativa lagt til grunn. Dei som er ueinige med det som vert lagt til grunn må aktivt vise stemmeteikn.

Møteleiaren: Dei som har ansvaret for å leie møtet etter dei reglane som fylkesting for ungdom sjølv har vedteke i forretningsorden. Dei skal vere nøytrale, og styre talelista slik at alle får sagt si mening. Det er møteleiaren som tildeler ordet til dei som ønskjer å sei noko. Møteleiaren har ansvar for at debatten avsluttast innan den tidsramma ein er blitt einige om.

Observatør: Ein deltakar som er med på fylkesting for ungdom for å observera. Observatørane har ikkje forslagsrett og stemmerett, og kan heller ikkje verte vald til Vestland ungdomsutval. Dei kan få andre til å foreslå sin sak dersom dei ønskjer det.

Plenum: I fellesskap.

Protokoll: Det formelle namnet på referatet som vert skrive under møtet. Protokollen inneheld til dømes kven som stiller forslaget, resultat av votering og talet på røyster som er for og mot. Ein skriv ikkje ned nøyaktig kva som blei sagt under debatten.

Protokollskrivarar: Dei som skriv protokollen, på fylkesting for ungdom er det to personar. Protokollen vert skriven av administrasjonen i Vestland fylkeskommune og vert på vegne av fylkesting for ungdom underskriven av to delegatar.

Replikk: Når nokon held eit innlegg som ein er ueinig i eller vil kommentere, kan ein teikne seg til replikk. Replikk er altså ein kommentar til eit innlegg. I dei fleste samanhengar ber ein ikkje om replikk for å uttrykke einighet, då dette tek unødvendig tid. Dei som ber om ordet til replikk får ordet rett etter innlegget er ferdig, og får derfor «snike i køen» før dei andre som har teikna seg til innlegg. Det er derfor viktig at ein ikkje misbrukar denne moglegheiten. Det er ikkje lov til å teikne replikk til nokon sin replikk, men innleggshaldar har anledning til svarreplikk.

Røysteføre: Dei som kan stemme under fylkesting for ungdom.

Sakliste: Ei liste over saker som skal behandlast på møtet, og kva rekkjefølgje dei skal behandlast i.

Saksopplysing: Dersom nokon under debatten har sagt noko ein veit er ukorrekt og som gjer at noko blir feil forstått/får betydning for saka, kan ein ta ei saksopplysing for å kome med ein kort faktaopplysning til saken. Ei saksopplysing er ein relevant og forklarande faktaopplysing, det er viktig å hugse at ikkje alle faktaopplysingar er saksopplysingar. Dei må altså vere relevante og forklarande.

Simpelt fleirtal: Det alternativet som får flest røyster vinn, uavhengig av kor mange alternativ det er.

Strek: Å setje strek for debatten betyr at ingen fleire kan be om ordet og talarlista blir stengt. Møteleiarane skal gi beskjed før dei set strek, slik at alle som vil sei noko får mogelegheit til å teikne seg til debatten.

Strykingsforslag: Delegatane på fylkesting for ungdom kan leggje fram forslag om å fjerne delar av ungdommens planprogram og vedtekter. Dette skal leverast inn skriftleg, men også fremmast på talarstolen.

Talarstol: Det er her magien skjer! Deltakarane legg fram forslaga sine. Dersom ein har eit forslag må ein ta til motet og klatre opp på talarstolen. Talarstolen bit ikkje, men dersom ein er ny kan det lønne seg å helse på den i ein pause før ein debutterer i ein debatt. Det er heilt greitt å snuble litt i sine eigne ord eller sjå ned i eit nedskrive manus, ingen forventar at ein skal vere proff dei fyrste gongane.

Teikne seg til debatt: Gi beskjed til møteleiarane om at ein vil seie noko i debatten. Bruk teikna som ordstyrarane viser ved starten av møtet.

Ungdommens planprogram: Eit dokument som inneheld all den politikken og dei sakene som fylkesting for ungdom vedtek. Ungdommens planprogram er delt inn i dei same områda som Vestland fylkeskommune. Det er delegatane på fylkesting for ungdom som vedtek kva som skal stå i det nye ungdommens planprogram.

Ungdomsråd/ungdommens kommunestyre: Gruppe ungdommar som er vald frå sine skular, organisasjonar, klubbar eller liknande for å jobba med saker som angår ungdom i kommunen sin. Representantar frå ungdomsråd/ungdommens kommunestyre er delegatar for sin kommune på som fylkesting for ungdom

Redaksjonskomité: Ei nemnd som skal gå gjennom alle forslaga, sortere dei i eit forståeleg dokument og utføre språkvask. Redaksjonskomitéen skal hjelpe delegatane med å skrive forslag dersom dei ønskjer det. Dei kan også kome med eigne forslag som har same intensjon som innsendte forslag.

Valkomité: Ein komité som jobbar med val av nye representantar til Vestland ungdomsutval og kontrollkomitéen. Valkomiteen held intervju under fylkesting for ungdom og lagar ei innstilling som det skal voterast over på søndag. Ta kontakt med valkomiteen om du er interessert i å vere med i VU!


Vedtak: Det som vert bestemt eller avgjort.

Vedtekter/Reglement: Ein serie samanhengande formelle reglar og føresegnar for korleis VU og FFU skal fungere.

Votering: Avstemming. Den prosessen som skjer når delegatane skal stemme over dei ulike forslaga.

VU: Vestland ungdomsutval er arbeidsutvalet til FFU. Det er dei som blir valt på FFU, og som skal jobbe med politikken som blir vedtatt på FFU.

Årsmelding: Informasjon om kva som har blitt gjort av VU sidan førre FFU.



vestlandfylke.no